



**Norsk Oljemuseum**

**25 år på Kjerfoldingholmen**





Læring gjennom aktivitet er eit prinsipp som går igjen på oljemuseet. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum

# Ein generasjon på oljemuseet

Gjester har besøkt utstillingane, grupper har fått omvising, museet har vore ein møtearena og ein heil generasjon elevar har besøkt oss.

Av Jørn Bjerga og Julia Stangeland

Onsdag 20. mai 2009, kl. 12.20, gjekk gjest nummer 796 991 inn døra på museet. Dette var nøyaktig 10 år etter den høgtidelege opninga der både Kongen, fylkesmannen, ordføraren, fylkesordføraren, biskopen og politimeisteren deltok. I 2011 var gjest nummer éin million på besøk, og i 2020 gjest nummer to millionar. Og nå, 25 år etter at Kongen klippa snora, spaserer snart gjest nummer 2 500 000 gjennom inngangsportane.

## Museet frå barneår til ungdomsår


20. mai 1999 opna Norsk Oljemuseum dørene for publikum. Verksemda gjekk frå å vere ein institusjon som samla inn foto, gjenstandar og forteljingar, til å bli ein institusjon som òg skulle formidle det den visste. At Oljemuseet skulle gå frå å vere lukka til å bli open, medførte eit behov for nye yrkesgrupper; nokon som kunne selje billetter, ta imot skuleklassar, halde omvisingar og utvikle nytt innhald. Tilbodet måtte òg gjerast kjent for ulike typar publikum.

Viss vi ser på besøkstala, ser vi at museet blei godt motteke av publikum allereie dei fyrste åra.

Det er naturleg å tenke seg at museet hadde ein viss nyheitsverdi, samtidig som det var ein del grupper som kjente eit eigarskap til museet, eit museum som fortalte deira historie – oljehistoria. Dette kan mellom anna tolkast av talet på besøkande og av talet på bestillingar av møterom og omvisingar.



20. mai 2009 kl. 12.20 var det 10 år sidan museet opna dørene fyrste gong. Som gjest nummer 796 991 fekk Hanna Lovise Korsmo både blomstrar, eit fat og evigvarande frikort til museet av direktør, Finn E. Krogh. Foto: Jan A. Tjemsland/Norsk Oljemuseum

**Besøkstall**

2000 var det fyrste heile besøksåret, men hadde færre besøkande enn 1999 då museet opna i mai. Besøkstalet stabiliserte seg frå 2001 på ca. 60 000, før dinosaurutstillinga («Dødelige dinosaurer») besøkte museet i 2004, og skapte ein topp på over 94 000 besøkande.

I 2012 passerte museet for fyrste gong 100 000 besøkande og frå 2016 har talet vore stabilt på over 100 000, sett bort frå pandemiåra 2020 og 2021.

I 2022 besøkte 214 664 personar Oljemuseet. Kombinasjonen med dinosaurar («Oljens øyenvitner»), pandemislutt og turisme var heldig for museet.

I 2023 var besøket tilbake på eit normalt nivå, på opp mot 150 000 besøkande.

Trass i god respons dei fyrste åra, kan vi sjå på besøkstala at det tok tid før museet fekk så mange besøkande som det har i dag. Nedgangen i besøkstala frå 2000 til 2001 kan ha samband med at lokalbefolkninga nå hadde sett museet. Museet måtte då rette seg mot turisme frå inn- og utland. Ei generell auke av turistar til regionen har vore viktig. I dag er det mange som kombinerer tur til Preikestolen med ein bytur, som gjerne inkluderer eit museumsbesøk. Oljemuseet har den fordel at det finst få oljemuseum og at det derfor blir oppfatta som noko unikt.

**Mål om aktiv læring**

Kva får så folk sjå når dei besøker museet? Var dette fastlagt allereie frå starten?

Utstillingane stod naturlegvis klare då museet opna, men dei som arbeidde på museet hadde ennå ikkje heilt funne ut kva museumsbarnet skulle vakse opp til å bli. Kunne Oljemuseet bli eit vitensenter – altså eit populærvitenskapleg senter der publikum opplever, oppdagar og løyser oppgåver innanfor matematikk, naturvitenskap og teknologi?¹



Omvisingar av høg kvalitet er eit viktig varemerke for museet. Kvart år deltek fleire hundre små og store grupper på omvising ved museet. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum

Vitskapspedagogikken gjorde sitt inntog i 2002/03. Maskoten *Drille*, som kom med innføringa av leikeplattforma *Småtroll*, fekk nå selskapet av maskoten *Petro*. Begge viste veg til ulike publikumsaktivitetar. Tanken var at

publikum – og kanskje særleg barn – skulle få ei meir aktiv museumsoppleving.

Oljemuseet har aldri blitt vitensenter og har heller ikkje ambisjonar om å bli det. Noko av tankegodset



Kat(t)astroferommet er eit godt døme på aktivitetar som publikum kan gjere ved museet. Viss denne attraksjonen blei fjerna, ville det nok skapt reaksjonar. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum



I 2013 blei det siste lærarseminaret halde. Den gongen handla temaet om «Newton-rommet». Rommet heiter i dag «Energirommet», og eit besøk der er framleis obligatorisk for alle 9. klassingar i Stavanger kommune. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum

har likevel blitt verande, som at mange av dei som arbeider ved museet ønsker at kvar utstilling skal innehalde aktive element, som kan knytast til tematikken i utstillinga. Kanskje kan ein òg seie at oppfatninga av kva eit museum er, har endra seg, frå å vere ein stad for lesing og observasjon, til ein stad der ein òg kan vere i aktivitet.

Aktiv læring er framleis ein sentral filosofi i museet sitt tilbod retta mot barn og unge. Tilbodet har likevel endra seg over tid. Det same har personalet.

### **Det utvida klasserommet**

I 1999 hadde museet 16 fast tilsette. Mange av desse var deltidstilsette. I byrjinga tok museumsvertane imot både vanleg publikum og skuleklassar, under

ein pedagogisk leiar. I dag er det publikumsretta personalet meir spesialisert, delt i to avdelingar: vertar og pedagogar. Vertane tar imot publikum, sel billetter og orienterer om museet, samt held omvisingar. I dag er det fyrst og fremst pedagogane som tar imot klassane, sjølv om vertane òg tar ein del undervisning i travle periodar.

Den fyrste pedagogen, sett bort frå den pedagogiske leiaren, blei tilsett i ei deltidstilling i 2004. Han fekk ei fulltidsstilling i 2006, og i 2007 fekk han ein kollega. I dag er det tre pedagogar i faste stillingar ved museet.

Endringane kan tolkast som eit sterkare fokus på dei publikumsretta oppgåvene, og ei


## Skulebesøk

Merk at skulebesøka i 1999 er eit estimert tal fordi det ikkje finst statistikk frå det året.

Skulebesøket har jamt over låge på noko mellom 8000 og 10 000 besøkande, men det finst nokre unntak både i positiv og negativ retning. Tala frå 2002 og 2003 er låge som følgje av at Stortinget i denne perioden innførte gratisprinsippet i skulen. Det omfatta naturlegvis òg utgifter knytt til transport til/frå museum og til sjølve museumsbesøket. Oljemuseet tok på denne tida ein inngangssum på 25 kroner per elev.

I mars 2004 blei det gjort eit styrevedtak om at grunnskulane skulle få komme inn gratis på museet. Seinare blei dette òg gjort gjeldande for elevar på vidaregåande skule. Dette vedtaket, samt det faktum at museet i 2004 hadde ei dinosaurutstilling («Dødelige dinosaurer») gjorde at besøkstalet det året var ekstra høgt, med over 13 000 elevar.

Rekorden blei slått i 2022 då det igjen var ei dinosaurutstilling på museet («Oljens øyenvitner»). Over 16 000 elevar besøkte museet i skuletida for å sjå denne utstillinga. I tillegg kom ca. 6000 barnehagebarn og SF0-elevar.



Det blei avvikla mellom 450 og 500 dinosauromvisingar i løpet av åtte månadar!

At 2022 blei eit toppår skuldast nok òg at mange hadde brukt mykje tid på

skulen og på heimeskule i pandemiåra 2020 og 2021, noko som kanskje hadde ført til eit oppdemma ønske om å «lufte seg» litt.

profesjonalisering av desse. Vidare kan det lesast som eit uttrykk for betre økonomi.

Museumspedagogar treng elevar. Dei fyrste åra blei det derfor brukt ein del ressursar på å gjere undervisningsopplegga kjende for lærarane. Lærarseminara blei dei fyrste åra gjennomført

med støtte frå Oljeindustriens landsforening (OLF) [i dag Offshore Norge]. Gjennom desse seminarane fekk lærarane kunnskap om alle skuletilboda ved museet. Seinare var seminarane gjerne konsentrert om større, særprega undervisningsopplegg, som «Kampen om Herkules» og «Newton-rommet».



Kjeldekritikk og historiebygging står sentralt når elevane går «I oljens fotspor». Tidlegare fekk elevane høyre om norsk oljehistorie gjennom eit foredrag, men vi har tru på at dei lærer meir når dei får arbeide med kvar sitt tema og presentere det for medelevane sine. Foto: Rune Egenes/Norsk Oljemuseum

Ein annan måte å sikre skulebesøk på, er å passe på at undervisningsopplegga er fundamentert i læreplanen. Målet har vore at ein tur på Oljemuseet ikkje skulle vere noko som blei gjort i tillegg til det elevane skulle lære i klasserommet, men at elevane fekk lære noko på museet, i staden for i klasserommet.

Finst det noko raud tråd i det elevane har fått, og får, lære på museet?

### «Den lille sorte» og «Klima for endring»

Oljehistorie, energi, klima og danning av olje gass kan seiest å vere dei fire mest sentrale trådane i vår undervisning. I tillegg til ressursituasjonen, kan



På «Aktivitetsomvisning» får barn gå inn i redningskapselen, sjå på modellar av båtar og plattformar, fly med helikopter, rutsje i redningsstrømpa og - som her - høyre om Wasp Suit, ein ubåt for ein. For mange er likevel målet å få leike i leikeplattforma. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum



«På jobb under vann» hadde ingen kopling til læreplanen, men både barn og vaksne blei med då museet arrangerte omvisingar i vinterferien 2020. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum



Viss ikkje spagetti var det førertrukkne materialet for haust-/vinterferieaktivitet, var det gjerne Lego som blei nytta. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum



Den andre laurdagen i september er det Geologiens dag på Oljemuseet. Både små og store lar seg fascinere. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum



«På sporet» er museet sin «lille sorte».  
Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum

vi sei at det er både ytre og indre faktorar som har påverka undervisningstilbodet vårt.

Den kanskje mest sentrale ytre faktoren er endringar i læreplanane. Dei har det naturlegvis vore mange av i løpet av 25 år. Dei viktigaste indre faktorane er knytt til endringar i sjølve museumsbygget, og til endringar i utstillingane. Nokre opplegg har vore med oss i lang tid, medan andre har vore med oss i kortare periodar.

«På sporet» er det undervisningsopplegget som har vore med oss lengst – så lenge at det er vanskeleg å finne ut akkurat kor lenge det har eksistert. Det kan karakteriserast som avdeling for formidling sin «lille sorte». Opplegget kan gjerast heilt enkelt for dei skulane som mot slutten av skuleåret bruker museet som eit fagleg alibi når

målet er ein bytur. Likeins kan det pyntast og gjerast ekstra fint i form av meir informasjon og tematisk orientering for dei skulane som i større grad er på jakt etter læring. «På sporet» er òg laga i tre ulike versjonar for mellomtrinnet (5. til 7. klasse), ungdomstrinnet og vidaregåande skule, og kan følgjeleg takast fram ved fleire høve.

Elevane får utdelt eit aldersbestemt hefte med oppgåver som tar dei gjennom fem–seks av museet sine utstillingar. Gjennom å svare på spørsmål blir elevane betre kjent med tidleg oljehistorie, danninga av olje og gass, oljeøkonomi, teknologiutviklinga knytt til olje- og gassproduksjon, livet offshore, sikkerheit og klima. Undervisningsøkta blir avslutta med ein gjennomgang av svara, og ofte òg med eit besøk i Kat(t)astroferommet.

Målet med «På sporet» er at det skal gje elevane ein slags aktiv gjennomgang av museet, der dei i staden for å berre lytte, skal få moglegheit til å sjølv finne svara. «På sporet» skal altså vere eit alternativ til omvising.

«Den lille sorte» har blitt endra fleire gonger, frå simpelt papir i starten, til eit trykka hefte. Vidare har det endra seg i takt med at ulike faste utstillingar har blitt bytta ut.

Endringar i faste utstillingar har òg inspirert nye undervisningsopplegg, eit av dei mest populære er undervisningsopplegget «Klima for endring» som er knytt til utstillinga med same namn.



«Klima for endring» blir gjerne bestilt når tema som klima, miljø og berekraft står på timeplanen. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum

Opplegget passar mellom anna til temaet berekraft som har ein sentral plass i læreplanen, både på ungdomsskulen og i den vidaregåande skulen.

Opplegget tar for seg tema som kva for nokre energiformer vi bruker mest av og kvifor, korleis CO<sub>2</sub> forsterkar drivhuseffekten, kva for nokre land som bruker mest energi og kvifor, kva som er årsaka til at vi bruker meir energi nå enn før og kva vi kan gjere for å avhjelpe klimaendringane. Her får elevane sjølv kome med forslag, både til kva vi personleg kan gjere og til kva bedrifter, politikarar og det internasjonale samfunnet kan gjere.

Temporærutstillingar har òg inspirert til undervisningsopplegg. Det desidert mest populære – målt i besøkstal – var opplegget knytt til dinosaurutstillinga «Oljens øyenvitner». Ein viktig suksessfaktor for om ei utstilling skal lukkast er om den kan forankrast i læreplanmål.

### **Herkules og Newton**

Dei største pedagogiske satsingane som er gjort på museet er «Kampen om Herkules» i 2007 og «Newton-rommet» i 2013. I begge satsingane var energi, naturressursar og ulike dilemma knytt til desse, sentrale tema. Begge var dessutan



Utstillinga «Kulturminne Ekofisk» var vanskeleg å forankre i læreplanen. Det er nok årsaka til at akkurat 0 elevar deltok på undervisningsopplegget knytt til utstillinga.  
Foto: Ukjent/Norsk Oljemuseum



Mellom 450 og 500 grupper deltok på dinosaurovising i «Oljens øyenvitner», noko som gjer den mest populære temporærutstillinga museet har hatt. Foto: Rune Egenes/Norsk Oljemuseum

## Samarbeidspartnarar til spesielle høve

Utanom vanleg undervisning har museet gjennomført ulike aktivitetsdagar, mellom anna i tilknytning til vinter- og haustferiar. Museet har òg blitt nytta som lokale for ulike arrangement. Vidare har museet delteke på arrangement, og arrangert utfluktar, utanfor museet. Til dette har museet hatt ei rekke samarbeidspartnarar. Her er nokre av dei mest sentrale:

- Stavanger Offshore og Maritime dagar har blitt og blir arrangert på museet av Maritimt Forum, Stavanger Offshore Tekniske Skole og Skoleskipet Gand.
- Geologiens dag i samarbeid med Norsk Geologisk Foreining (NGF) og Norsk Petroleumsforening (NPF).
- Fagdagar for elevar i den vidaregåande

skulen. Fagdagane har særleg vore knytt til historiefaget og til geofag, og har involvert ei rekke samarbeidspartnarar, som Geofagnettverket i Rogaland og Agder, tidlegare tilsette i Norwegian Contractors (NC) og Skråtårnet i Jåttåvågen.

- Tilsette ved Oljedirektoratet har bidrege både under fagdagar, under geologiens dag og ved andre høve.
- Museet har delteke under «Havnelangs» i 2015, 2017, 2019 og 2023.
- Universitetet i Stavanger har vore ein samarbeidspartnar i mange samanhengar, universitetet har til dømes ved fleire høve sendt lærarstudentar til museet og museet var òg ein praksisstad for lærarstudentar, fram til ordninga blei lagt ned.

basert på samarbeid. «Kampen om Herkules» var eit samarbeid med mellom andre Norsk Teknisk Museum, OLF og Mediafarm som utviklar. «Newton-rommet» starta med Stavanger kommune, Statoil – Morgendagens helter og First Scandinavia som ansvarleg for pedagogisk løysing. Skuletilbodet «Kampen om Herkules» var retta mot 10. trinn og elevar i den vidaregåande skulen, men vart avvikla grunna tekniske utfordringar etter nokre års drift.

«Newton-rommet» var retta mot 9. trinn, og var obligatorisk for dei offentlege skulane i Stavanger kommune. Avtalen med Stavanger kommune inkluderte at kommunen dekkja



«Kampen om Herkules» var eit interaktivt rollespel der elevar i ungdomsskulen og vidaregåande skule skulle bestemme om oljefeltet «Herkules» skulle byggast ut eller ikkje. Foto: Jan A. Tjemsland/Norsk Oljemuseum


ein pedagogstilling ved museet. «Newton-rommet» blei frå skuleåret 2022/23 omdøyppt til «Energirommet» og fornya som eit tilbod i regi av museet. Den økonomiske rammeavtalen mellom Stavanger kommune og museet vart det same året forlenga for ein ny periode på fem år.

Rommet er framleis obligatorisk for alle elevar i 9. trinn i Stavanger kommune og er med det vårt mest pålitelege og føreseielege opplegg. Allereie tidleg på hausten veit vi kor mange som vil besøke rommet i løpet av skuleåret.

Eigne ressursar, endringar i læreplanen og ulike utstillingar legg altså føringar for undervisning.



«Mime» blei i 2013 til «Newton-rommet». Frå å vere eit møterom og eit klasserom brukt til ulike undervisningsopplegg, blir det nå berre brukt av 9. klassingar i Stavanger kommune. Foto: Ukjent/Norsk Oljemuseum



Aktiv læring er viktig på «Newton-rommet»/«Energirommet». Målet for denne øvinga er å produsere mest mogleg energi ved hjelp av vindkraft. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum

Endringane blir naturlegvis òg påverka av samfunnsforteljinga.

### **Ei spegling med fleire lag**

Heilt frå byrjinga har museet hatt ein kinosal der publikum har hatt moglegheit til å sjå ein fast film på gitte tidspunkt. Sidan 2016 er det filmen *Oljeunge* som har vore *den obligatoriske* museumsfilmen. Filmen er basert på ein tekst med same namn av Aslak Sira Myhre, og oppsummerer på sett og vis dei utfordringane som kan knytast

til formidling av oljehistorie og oljerelaterte tema. På den eine sida ingeniørkunst og oppbygging av ein ny industri og dei økonomiske fordelane olja har medført, og på den andre sida olja som ein stor bidragsytar til klima- og miljøutslepp.

Filmen speglar på sett og vis den forteljinga vi i dag ønsker å fortelje på museet: om nyvinningar og teknisk utvikling, om korleis Stavanger-regionen og landet har endra seg og om oljeøkonomi – alt som døme på fordelaktige konsekvensar av oljehistoria, og om ulempene; om ulykker og om klima- og miljøkonsekvensar.

Desse tankane har eksistert tidlegare òg, men kan seiast å ha mogna noko på dei 25 åra som museet har eksistert, i tråd med at samfunnet rundt har endra seg. Kanskje er det ein meir nyansert 25-åring som står på Kjeringsholmen i dag, samanlikna med korleis institusjonen var i sine barne- og ungdomsår.

Etter 25 år har vi undervist ein heil generasjon på Oljemuseet. I starten var olje eit punkt i læreplanen, mellom anna på ungdomstrinnet. I dag er olje erstatta med berekraft og fornybar energi. Vi er glade for at desse to nye punkta er blitt tekne med i læreplanen, men slepp ikkje olja heilt. Vi meiner at det er viktig å lære barn og unge om olje, gass og kull, slik at dei skal forstå kvifor vi bruker så mykje av desse fossile brensla – trass i at vi alle veit at det har ein negativ effekt



Klima- og miljøminister Andreas Bjelland Eriksen hugsar kor skuffa han var då han var blitt for gamal til å leike i «Småtroll» – ei kjensle som mange har delt. Foto: Shadé B. Martins/Norsk Oljemuseum

på klima. Ikkje minst meiner vi dette er viktig å forstå for barn og unge – så vel som vaksne – som bur i, eller besøker vår region.

Vi er klar til å ta imot ein generasjon til.

### Noter

- 1 Viten: Utviklingsplan 2021–2024. Tilskudsordningen for de regionale vitensentrene – VITEN. Norges forskningsråd 2020, s. 4. <https://www.forskningsradet.no/siteassets/publikasjoner/2021/viten--utviklingsplan-2021-2024-1.pdf>. Lasta ned 21. mars 2024